

Referat frå elevråd 25.03.25

Saker:

34) Lekser, kva har lærarane kome fram til?

Lærarane har arbeidd med dette i fleire rundar, og det har vore oppe i FAU og på foreldremøte. Konklusjonen er at me fortset med lekser, men leksene må vera lure og nyttige. Leksene skal vera mest mogleg repetisjon og mengdetrening. Skulen tenkjer at leseleksa er viktig, der kan ein godt få hjelp av dei heime og det kan og vera ei lesebestilling (oppgåver) knytta til teksten. Målet er at leksene tek ca 30 minutt til dagen.

35) Spørsmål etter elevundersøkinga.

1) *Kvifor trur de at me har så god trivsel på skulen?*

Det er gilde lærarar og elevar, me har ein god SFO, me har natur rundt oss og ein liten skule der alle kjenner alle. Me har stor plass og lite mobbing, og er det noko tek lærarane tak i det med èi gong.

2) *Kva må me behalda og kvifor?*

Me må behalda skulen og skulemiljøet, me vil ta vare på naturen, ballbingen og leiker som er ute (dissene, uteleiker og AL).

3) *Korleis kan lærarane forklara meg kva som er bra med arbeidet mitt?*

Gje oss premier (klistremerke), ta eleven med ut på gangen, seie det høgt i klasserommet, seie det etter ein presentasjon eller lågt til eleven ved pulten. Elevane føreslår også at læraren kan senda melding på iPaden, eit smilefjes i boka, på Showbie eller heim til foreldra.

4) *Korleis kan lærarane forklara meg korleis eg kan bli betre i faga?*

Elevane svarar at dei ikkje får så mange tilbakemeldingar undervegs, dei får mest i matematikk, elles i elevsamtalen. Dei kunne tenkt seg å få tilbakemeldingar litt oftare. Då kan læraren seie det høgt til deg på gangen, eller senda ei melding til deg. Meldinga skal vera positiv

36) Elevsamtalar og utviklingssamtalar. Kva blir teke opp?

Lærarane har eit ark med ulike punkt som kan brukast i elevsamtalen. Utviklingssamtalen skal vera eit positivt møte, det skal ikkje koma nye ting. Viss det er vanskelege ting, skal læraren ta det opp med foreldra før møtet. Elevane kan visa eit arbeid dei har arbeidd med, der dei har gjort god innsats.

37) Påsketur.

Fredagen før påske har heile skulen gått på tur til Smokken. Der har me hatt sporleik, kokt egg og kan ha med pølser. Kva vil me gjera i år?

- Elevrådsrepresentantane ynskjer å ha oppgåver, og kan gjerne ha aldersblanda grupper, der oppgåvene er gilde for alle. Kan dei eldste få ansvar for oppgåver? 5.-7.klasse ynskjer òg å få tid til å vera på tur, 2-3 timar. Kan ein gøyma påskeegg til kvar klasse? Kan ein ha td eggjekartong med oppgåver der ein skal finna ting i naturen og leggja i? Rebus?

38) Olweusundersøkinga.

Tek dette neste gong, undersøkinga er gjennomført, men me har ikkje fått tilbemelding om resultatene endå.

39) Leirskule.

7.klasse har kome med ynskje om å gjennomføra leirskule kvart år, og ikkje anna kvart år som i dag. Det vart sist bestemt at 6. og 7. klasse skulle reisa i lag med Bryne skule anna kvart år, dette har me ikkje fått testa ut endå. Me vil ta dette opp att igjen etter leirskulen for å evaluera.

40) Brannvern.

Sko, klede og ranslar må bort frå inn/utgangar. Alle må hjelpe kvarandre med å hugsa at sko, jakkar og sekker ikkje skal liggja på gulvet foran dørene (nødutgangane). Me må òg hugsa at sko ikkje skal vera over heile gulvet ved utgangane i hallen.

41) Anna.

- *Fysak*. Ikkje alle likar fysak for tida. Det er mykje juksing og tull. Rektor informerer om at dei forsøker å få til variasjon og trivsel, og at dei arbeidar med dei som ikkje følger reglane. Det er dumt når nokon får øydelegg for alle.

-*Klasseball*. Kan me få nye klasseballar? Skulen har ikkje pengar til fleire no, så me må spara på dei me har!

Referent

Kristin Sando

Elevrådskontakt.